



Gulen kommune
Eivindvikvegen 1119
5966 EIVINDVIK

Saksbehandlar, innvalstelefon
Sunniva Nybøe Førland, 5557 2138

Svar til kommunen - Gulen - forliksråd 2021-2025

Vi viser til dykkar brev datert 08.06.2021, som gjeld konsekvensar av at Masfjorden kommune og Gulen kommune no er i ulike rettskretsar. De ønsker ei mellombels løysing, som går ut på at de nyttar dei valde representantane med vararepresentantane fram til hausten. Vi forstår det slik at de ønsker ei tilbakemelding frå oss på om denne løysinga er mogleg. I telefonsamtale den 11.06.2021 ber de om rask tilbakemelding, sidan de har kommunestyremøte torsdag 17.06.2021.

Vår tilbakemelding

Medlemne og varamedlemne er formelt valde til felles forliksråd med Masfjorden kommune. Vi ser ikkje at oppnemninga av desse som dommarar automatisk fell bort, sjølv om dei formelt er oppnemnde i det dåverande felles forliksrådet mellom kommunane Gulen og Masfjorden. God orden tilseier likevel at desse dommarane eventuelt blir valde på nytt så snart som råd, som ein del av Gulen kommune sitt forliksråd.

Vi understrekar at det er domstolane, ved søksmål, som eventuelt tek stilling til om domar frå forliksrådet i perioden fram til ny oppnemning er gyldige.

Med helsing

Anne Kristin Kayser Eitungjerde
seksjonsleiar

Sunniva Nybøe Førland
rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi: Masfjorden kommune